

Korleis kan me vita at det finnes ein gud? Og om Gud finnes, korleis veit me at bibelens Gud er den "rette" gud? Og om han er det, korleis veit me at me har tolka bibelen rett, i dei sentrale tinga me forkynner?

Hei og velkommen til ein ny episode av Spør oss. Mitt namn er Ingvald André Kårbø og eg vil i dag prøva å svara på dette spørsmålet som har blitt sendt inn via foross.no. "Korleis kan me vita at det fins ein gud? Og om Gud fins, korleis veit me at Bibelens Gud er den "rette" gud? Og om han er det, korleis veit me at me har tolka Bibelen rett, i dei sentrale tinga me forkynner?"

Ja, dette var egentlig eit lite Kinder-egg, med tre spørsmål pakka inn i eit. På ein slik kort podcast som dette, kan eg ikkje gjera meir enn å stikka tåspissen ned i desse ulike svarene, men eg vil prøva å komma med nokon korte refleksjonar her til kvart av spørsmåla.

For det fyrste, til det store spørsmålet om korleis ein kan vita at det fins ein gud, så vil eg her gjeva to forskjellige knaggar. Den fyrste er at det fins mange forskjellige argument for Guds eksistens. Det er ikkje slik at dette er vitenskaplige bevis, men det er slik at desse argumenta saman byggjer opp eit godt grunnlag for å kunne hevda at det å tru på Gud i aller høgste grad er plausibelt. Det er ikkje slik at det å tru på at det er ein skikkelse som må stå bak denne verda, er eit resultat av at ein ikkje bruker hovudet sitt. Tvert i mot så er er det slik at mange tenkjarar, både opp gjennom historien og i dag, nettopp gjennom å sjå på verda og reflektere rundt den kjem til den konklusjonen at det må vera noko guddommeleg. På foross.no har me mellom anna ein artikkel av Yngve Litleskare Leine med tittelen "eksisterer Gud", som gjev ein liten innføring i nokon av desse gudsargumenta. Eit av desse argumenta er det kosmologiske argumentet. Dette argumentet byggjer på dei to premissa at alt som begynner å eksistere har ein årsak, og at universet har begynt å eksistere. Dermed må også universet ha ein årsak som er utanfor tid og rom – og det er dette me då tenkjer at Gud er.

Den andre knaggen til dette fyrste spørsmålet handlar om våre erfaringar. Eg meiner me skal vera veldig forsiktig med å plassera ein merkelapp på alt som er uforklarleg og ukjent og sia at det dermed automatisk er frå Gud eller demonisk. Samtidig meiner eg også at erfaringar med det uforståelege heilt klart er noko som styrker mi tillitt til at det er noko meir enn berre den synlege verda. Eit konkret døme om dette handlar om helbredelser, der menneske gjentatte gonger både i vår tid og gjennom historien vert friske etter forbønn, sjølv om det ikkje er nokon medisinske holdbare forklaringar på korleis dei kunne verta gode igjen. Så vil nokon i denne samanhengen innvenda at dei heller vil bruka erfaringar som eit argument MOT Guds eksistens. Dette kan handla om erfaringar av at sjølv om ein har bedt inntrengande over lang tid om ein konkret sak, for eksempel at nokon må verta friske igjen, så skjer det ikkje her på jord. Då kan ein tenkja at når ikkje det skjer noko, då kan ikkje Gud vera til. Men me har ingen garanti eller løfte om at Gud vil svara slik som me ynskjer på våre bøner. Difor er ikkje det at me ikkje kan sjå Guds inngripen eit argument mot Guds eksistens, men når ein ser at Gud grip inn, ja, då peiker det for oss på at det er ein Gud som har makt.

Det andre spørsmålet var om kvifor Bibelens Gud då er den «sanne» Gud. For meg personlig har eg tre hovedgrunnar for å tru på Bibelens budskap, og dermed tru på at det er Herren som me møter der som verkeleg er Gud. Desse tre grunnane heng saman. Det er som tre trådar som er fletta i lag som eg meiner gjev eit sterkt grunnlag for å tru på Bibelens Gud. Den første tråden handlar om at Bibelen sjølv gjev seg ut for å vera autoritativ, og å læra oss sannheten om Gud. Eit eksempel her er 2.Tim 3:14 og utover. Den andre tråden handlar om Andens vitnesbyrd, nemlig det at eg sjølv har fått erfart at Bibelens budskap faktisk er sant. Tru er ikkje noko eg bestemmer meg for etter nøyte overveielser. Det er Gud som ved Den Heilage Ande skapar trua på Jesus i mitt hjarte, når eg blir utsett for Guds ord igjen og igjen. Dette er faktisk viktig å ta med, og i møte med det å fortelja andre menneske om Jesus. Eg kan ikkje argumentera folk til å bli ein kristen. Eg kan visa

gode argument for kristendommen, som kan vera med å fjerna hinder, men til sjuande og sist så er det Gud som må gripa inn og skapa trua i eit menneskehjarte gjennom det Ordet som eg får vera med å dela om Jesus.

Så er det sånn at desse to første trådane er noko som folk frå mange religionar vil vera enige om. Mange vil vera enige om at dei trur på sin gud, fordi det står om han i ei bok, og dei opplever det som at det er sant. Spør ein mormoner for eksempel, og min erfaring har iallefall vore at deira kronargument er akkurat at dei føler at det er rett. Men det som Mormons bok mangler, og som Bibelen har, det er ein tredje tråd, som slår beina under Mormons bok, men som bekrefter Bibelens Gud som den sanne Gud. Det handlar om omstendighetane rundt teksten. Det som er sjølve lakkmustesten på om Bibelens Gud er den sanne Gud, er om Jesus døydde og stod opp igjen. Viss me tek tak i Bibelens framstilling av dette, er det mange gode grunnar for å hevda at det er stor historisk sannsynlighet for han stod opp igjen. NT er skrive av augevitner, ikkje nokon som sat i ei hule mange hundre år seinare. Det er skrive ned kort tid etter dei kritiske hendingane, noko som gjer at sannsynligheten for at dette kunne ha blitt avslørt som svindel er stor. Dei som var overbevist om sannheten i Jesu død og oppstode, vart ikkje rike. Dei vart derimot forfylgde, marginaliserte og dei fleste av dei drept. Dei hadde lite å tena på det, men var overbevist om at han måtte ha stått opp igjen.

Til saman gjev dette meg god grunn til å ha tillitt til at det som Bibelen seier om Gud, det er faktisk sant.

3. Til slutt, vidare til det siste spørsmålet. Om det Bibelen seier om Gud er sant, korleis kan me då vita at me har tolka Bibelen rett? I løpet av dei siste hundre åra har det med rette vorte ein auka bevissthet på at eg som enkeltindivid, eg kan ikkje ha ein fullstendig forståing av heile virkeligheten. Kva konsekvenser har dette for vår forståing av Bibelen? Er det slik at alle tolkingar av Bibelen er like gode? Nei, slik er det ikkje. Eg meiner at ein må kunne skilja mellom gode og därlege tolkingar av enkelttekstar. Dette handlar om at eg faktisk trur at det er mogleg for meg som bibellesar å finna ut noko av kva den opprinnelige forfattaren har meint gjennom den teksten han har skrive. Av og til er det tydelegare enn andre gonger. For eksempel er det tydelegare at ein rett tolking av evangelia innebærer å fastholda Jesu lekamlege død og oppstandelse enn for eksempel kva syn ein skal ha på tusenårsriket. Ein grunntanke som eg må ha med meg som bibelfortolkar er at eg må vera ydmyk for at eg kan ta feil, og min bakgrunn og mine kjephestar kan gjera at eg overser viktige sanningar i Guds ord, slik andre sin bakgrunn og sine kjephestar kan ha ført til det same. Når eg trur at Bibelen er ufeilbarlig, så betyr det ikkje at eg trur at min fortolking av Bibelen er det. Tvert i mot. Eg som fortolkar er ein syndar, der syndefallet også har prega min tankekapasitet og evne til å forstå Guds ord fullt ut. **Det avgjерande for å ta stilling til om våre trusstandpunkt faktisk er sanne, er derfor heile vegen å prøva dei opp mot det som er sannheten -Guds ord.** Mitt hovud er mørkt, derfor må eg heile vegen gå til lyset - til Guds ord - for å få ein rett forståing av virkeligheten. Så skal eg få be om at Gud ved sin Heilage Ande må få openberra ordet sitt for meg, slik at eg kan forstå det.